

HR-2001-409 - Rt-2001-1580 (283-2001)

INSTANS:	Høgsterett - Dom.
DATO:	2001-12-04
DOKNR/PUBLISERT:	HR-2001-409 - Rt-2001-1580 (283-2001)
STIKKORD:	Formuerett. Tilbakebetaling.
SAMMENDRAG:	En autorisert regnskapsfører hadde som forretningsfører for et borettslag, full disposisjonsrett over bankkontoen til borettslaget. Han betalte 150.000 kroner til et byggefirma, som han også var regnskapsfører for og som hadde oppført et bolighus for seg, ved å overføre pengene fra borettslagets konto. Han forfalsket navnet på betaleren på overføringsmeldingen til å være seg selv. Høyesterett kom til at byggefirmaet ikke hadde ekstingvert retten til betalingssummen, og borettslaget fikk medhold i at pengene kunne søkes tilbakeført etter ulovfestede regler. Både det at overføringen hadde skjedd ved en kriminell handling, og at det ikke forelå noen betalingsplikt for borettslaget, var momenter som talte sterkt for tilbakeføring. Borettslaget ble ikke ansett å ha handlet uaktsomt ved å ha gitt forretningsføreren fullmakt til å disponere over bankkontoen. En dommer kom til samme resultat ut fra en annen begrunnelse.
SAKSGANG:	Hallingdal herredsrett Nr 214/99 A - Borgarting lagmannsrett LB-2000-2726 A/01 - Høgsterett HR-2001-409, sivil sak, anke.
PARTER:	Slåtto Husbygg AS (advokat Einar Heiberg - til prøve) mot Søndre Borettslag (advokat Sverre Thune).
FORFATTER:	Utgård, Oftedal Broch, Bruzelius, Mæland, Tjomsland.

Dommar **Utgård**: Saka gjeld spørsmålet om eit burettslag kan krevje tilbakebetalt ein pengesum som forretningsføraren for burettslaget med urette overførde frå burettslaget sin bankkonto til ein byggmeister sin bankkonto, til dekning av eit krav mot seg sjølv.

Søndre Borettslag er eit frittstående burettslag i Ål kommune med 12 husvære. Burettslaget var skipa med tanke på tilsette i nye offentlege helseinstitusjonar i Ål, og ved innflyttinga i 1992 hadde Ål kommune og Buskerud fylkeskommune dei fleste andelane. Frå starten av stod rådmannen i kommunen for rekneskapsføring og forretningsførsel. Etter kvart vart andelane selde til leigetakarane, og i 1997 bytte burettslaget rekneskaps- og forretningsfører. A Regnskapsdata med A som personleg innehavar, tok over ansvaret for desse oppgåvene frå årsmøtet i burettslaget 15. april 1997. A var autorisert rekneskapsfører og dreiv eige kontor med to tilsette i Ål. A fekk uavgrensa fullmakt til å disponere burettslaget sin bankkonto. All post frå banken skulle sendast direkte til A.

A Regnskapsdata hadde om lag 50 kundar. Mellom dei var Slåtto Husbygg AS - frå no av Slåtto Husbygg - som dreiv byggjeverksemd. Det er opplyst at selskapet hadde 7 tilsette i 1997-98. Trygve Slåtto var - og er - eineaksjeeigar, einestyre og dagleg leiar. Burettslaget og Slåtto Husbygg har ikkje hatt noko samband seg i mellom.

I 1996 hadde A engasjert Slåtto Husbygg til å føre opp hus for seg og familien. Byggjearbeidet viste seg å koste meir enn tenkt, og i 1997 fekk A betalingsvanskar.

For å klare skyldnadene sine førde først A 30. juli 1997 over 25.000 kroner frå burettslaget sin bankkonto til styrking av sin private bankkonto.

A hadde betalt 150.000 kroner à konto til Slåtto husbygg den 30. juli 1997, men han var likevel på dette tidspunktet skuldig 222.997 kroner meir. A gav overfor Trygve Slåtto uttrykk for at han rekna med at han ville få eit tilleggs lån frå banken. Ein dag i slutten av september på byggjeplassen purra Slåtto på A, og A lova då at han skulle ordne med betaling ein av dei første dagane.

Den 30. september 1997 overførte A 150.000 kroner fra burettslaget sin bankkonto til ein bankkonto tilhøyrande Slåtto Husbygg. A var i

Side 1581

banken med overføringsblanketten, som var eit blankettsett som inneheldt original til banken, kvitteringsdel til betalar og overføringsmelding til betalingsmottakar. Blanketten var fylt ut med Sundre Borettslag som betalar - med burettslaget sitt kontonummer - og med Slåtto Husbygg som mottakar. Banken gjennomførte så betalinga i datasystemet med automatisk kvittering på blankettsettet, og summen på 150.000 kroner var då straks tilgjengeleg på kontoen til Slåtto Husbygg som hadde konto i same banken. A fekk med seg kvitteringsdelen til burettslaget og overføringsmeldinga til Slåtto Husbygg, i det banken kjende til at A var rekneskapsfører for begge.

A opplyste deretter same dag til Slåtto at han hadde betalt inn 150.000 kroner à konto. For å vere sikker ringde Slåtto til kontoopplysinga i banken og fekk stadfesta innbetaling av 150.000 kroner. Sjølv overføringsmeldinga var hos A. A forfalska meldinga ved å endre namnet på betalaren frå Sundre Borettslag til seg sjølv, samstundes som han endra kontonummeret for betalar til sitt eige. Slåtto såg ikkje vedlegget på dette tidspunktet.

Den 31. desember 1997 overførte A 175.677 kroner frå bankkontoen til ein annan klient, Hallingbygg AS, til burettslaget, slik at inneståande på burettslaget sin bankkonto var korrekt ved årsskiftet. Ingen av dei nemnde overføringane vart førde i bøkene til burettslaget.

Slåtto hadde i slutten av 1997 sagt opp avtalen med A, men A var ikkje viljug til å levere frå seg rekneskapsmappene med vedlegga. Desse vart først utleverte i januar eller februar 1998. Rekneskapsen var då ikkje à jour. Den nye rekneskapsføraren bokførde overføringa på 150.000 kroner med den forfalska overføringsmeldinga som grunnlag.

Den 20. januar 1998 overførte A ytterlegare 300.000 kroner frå burettslagskontoen til sin eigen konto. I februar skreiv A til burettslaget og forklara det som hadde skjedd som eit arbeidsuhell i samband med innføringa av eit nytt betalingssystem. Han uttala i brevet at summen på 150.000 kroner var ført attende 31. desember 1997, og at « feilen » på 300.000 kroner « blir rettet opp av oss i dag ... ».

I tillegg gjorde A den 9. februar 1998 to overføringar frå bankkontoen til burettslaget til eigen konto på høvesvis 74.000 kroner og 75.000 kroner. Det er ikkje opplyst om desse overføringane skjedde før eller etter brevet i februar. A overførte 87.000 kroner av desse pengane frå sin konto til Slåtto Husbygg sin konto.

Styret i burettslaget hadde deretter møte 8. mars 1998. I referatet frå møtet er det sagt innleiingsvis at styret

« har fått melding frå revisor Harald Dypsjord om ureglementerte uttak og føringar i årsrekneskapsen. Dette gjeld mellom anna manglande bilag og store beløp overført til ukjende kontoar.

A Regnskapsdata har i brev gjort forklaringar for transaksjonane i 1997. (...)

Jamfør bankutskrifter frå Hallingbanken inneverande år, er store beløp tatt ut frå burettslaget sin konto. Saldo på konto nr. 2320.07.18135 var ved årsskifte kr 408.582.

6. mars var saldoen 13.541.

I nemnde brev frå A Regnskapsdata er deler av dette retta opp av rekneskapsfører. Jamfør kontoutskrift er dette ikkje utført. »

Side 1582

Burettslaget melde den 12. mars 1998 A til politiet. Det vart for summene på 25.000 kroner og 150.000 kroner berre sett fram krav om dekning av rentetap fram til 31. desember 1997, då burettslaget bygde på at hovudstolen for desse krava var dekt opp. Hovudkrava gjekk på dekning av uttaka i januar og februar 1998.

Ved brev av 23. september 1998 ba Hallingbygg AS om å få betalt attende frå burettslaget summen på 175.677 kroner som var overført til burettslaget den 31. desember året før. I eit svarbrev uttala styret i

burettslaget:

« Vi var i god tro når innskuddet skjedde. Vi har ikke kjent til noe annet enn at beløpet var overført fra A i desember i fjor. Det var ikke før i august i år at vi fikk vite at beløpet var kommet fra Hallingbygg. »

På dette tidspunktet var buet til A, og med det også det personlege føretaket, teke under behandling som konkursbu. Styret i burettslaget uttala til Hallingbygg AS at eigartilhøvet til dei ulike summene måtte klarleggjast gjennom bubehandlinga. Hallingbygg AS la deretter fram brev datert 9. november 1998 frå banken som opplyste at summen på 175.677 kroner var overført elektronisk mellom bankkontoane til Hallingbygg AS og burettslaget, og at overføringa hadde skjedd utan melding til betalingsmottakaren. Burettslaget betalte deretter same månad den kravde summen til Hallingbygg AS, etter råd frå advokat Sverre Thune som då hadde vorte engasjert som advokat for burettslaget.

I november 1998 tok advokat Thune telefonkontakt med Slåtto Husbygg og varsla eit mogeleg krav om tilbakebetaling av summen på 150.000 kroner. Som nemnt hadde den nye rekneskapsføraren til Slåtto Husbygg bokført det forfalska vedlegget for betalinga på 150.000 kroner, men det er opplyst at Trygve Slåtto sjølv først såg den forfalska meldinga etter at Thune hadde teke kontakt. På denne tida var Trygve Slåtto også gjort kjend med den originale kvitteringa til burettslaget, som viste at burettslaget stod som betalar og at overføringa var belasta burettslaget sin bankkonto. Skriftleg krav om betaling vart sendt frå advokat Thune 15. januar 1999. Slåtto Husbygg sette seg mot tilbakebetaling.

Burettslaget reiste sak for Hallingdal heradsrett, som 26. mai 2000 sa dom med slik domsslutning:

- «1. Slåtto Husbygg AS frifinnes.
2. Søndre Borettslag betaler saksomkostninger til Slåtto Husbygg AS med kr 30000,- -kronertredvetusen- innen 2 -to- uker fra forkynnelse av herredsrettens dom.»

Burettslaget anka dommen til Borgarting lagmannsrett, som 25. januar 2001 sa dom med slik domsslutning:

«Slåtto Husbygg AS dømmes til å betale kr 150.000 - etthundreogfemtitusen - kroner - til Søndre Borettslag med tillegg av 4% renter fra 30.09.1997 og til 5.2.1999 og 12% renter fra 5.2.1999 til betaling skjer.

Saksomkostninger oppheves for begge retter. »

Side 1583

Slåtto Husbygg har i rett tid anka til Høgsterett. Anken rettar seg mot innhaldet i dommen, særleg rettsbruken. For Høgsterett er det lagt fram skriftlege fråsegner frå partane og frå 6 vitne. For tidlegare rettar har spørsmålet vore om burettslaget kunne søkje pengane attende med grunnlag i ulovfesta reglar om tilbakesøking, særleg reglane om *condictio indebiti*. Ankeparten har for Høgsterett utvida den rettslege argumentasjonen for ikkje å ha tilbakebetalingsplikt.

Ankeparten, Slåtto Husbygg AS, har særleg halde fram:

Prinsipalt blir det gjort gjeldande at Slåtto Husbygg har ekstingvert den opphavlege retten for burettslaget til summen på 150.000 kroner. Sjølv om pengane her gjekk direkte frå burettslaget sin konto til Slåtto Husbygg, kan dette ikkje vurderast annleis enn om overførselen hadde skjedd frå A sin kontoen.

Det er sikker rett at kontopengar ikkje kan vindiserast hos godtruande tredjeperson. Trygve Slåtto, som var den sentrale personen i Slåtto Husbygg, var i god tru då pengane gjekk inn på bankkontoen. Slåtto hadde fått beskjed frå A om at han hadde betalt 150.000 kroner, og Slåtto hadde fått stadfesta frå kontoopplysinga i banken at det hadde gått inn ein slik sum på kontoen.

Slåtto kan ikkje identifiserast med A, som dessutan hadde gått utanom oppdraget som rekneskapsfører ved å hente overføringsmeldinga i banken. Alle brev frå banken gjekk til vanleg til Slåtto Husbygg før dei vart leverte til rekneskapsføraren. I dette tilfellet hadde A forfalska overføringsmeldinga, og det låg i alle tilfelle langt utanom det ein oppdragsgivar kan ha ansvaret for. A handla såleis som privatperson i høve til Slåtto Husbygg.

Subsidiært blir det gjort gjeldande at dersom læra om *condictio indebiti* eller liknande synsmåtar er korrekt rettsleg grunnlag, er lagmannsrettens konkrete heilskapsvurdering urett. Det er lagt for stor vekt på korreksjonsomsynet samanlikna med oppgjersomsynet. Lagmannsretten har mellom anna lagt for lita vekt på at betalinga vart gjort av ein person som burettslaget hadde utstyrt med rett til å rå over pengane. Burettslaget hadde også lagt for lite vekt på kontroll med rekneskapsføraren. I denne situasjonen er det rimeleg at burettslaget må bere risikoen for tap som følgje av misbruk av denne retten.

Burettslaget må i tillegg lastast for ikkje på eit langt tidlegare tidspunkt å ha undersøkt nærare kva disposisjonar A hadde gjennomført.

Ei samla vurdering må ut frå dette slå ut i favør av Slåtto Husbygg.

Atter subsidiært blir det gjort gjeldande at tilbakesøkingsskravet vart sett fram for seint. Kravet vart sett fram formelt først meir enn 15 månader etter at overføringa var gjort, og om lag 10 månader etter at burettslaget melde A til politiet for underslag. Særleg har det vekt at burettslaget let vere å gjere nærare undersøkingar i februar eller mars 1998, då laget vart kjent med at det hadde skjedd eit stort underslag. Også i høve til då Hallingbygg AS kom med sitt krav i september 1998, venta burettslaget for lenge med å fremje krav mot Slåtto Husbygg. Tidsmomentet må elles også ha vekt i vurderinga etter dei andre grunnlaga.

Slåtto Husbygg AS har sett fram slik påstand:

- «1. Herredsrettens dom stadfestes, med det tillegg at Sundre Borettslag av saksomkostningene på kr 30.000 betaler den alminnelige forsinkelsesrente etter

Side 1584

forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd, første punktum, for tiden 12% årlig rente, fra den 14. juni 2000 til betaling skjer.

2. Slåtto Husbygg AS tilkjennes saksomkostninger for lagmannsrett og Høyesterett, med tillegg av den alminnelige forsinkelsesrente etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd, første punktum, for tiden 12% årlig rente, fra utløpet av oppfyllelsesfristen til betaling skjer.»

Ankemotparten, Sundre Borettslag, har særleg halde fram:

Lagmannsrettsdommen er rett, både i resultatet og i grunngivinga. Burettslaget skulle likevel vore tilkjent saksomkostnader.

I høve til ankeparten sin prinsipalesynsmåte om ekstinksjon kan det visast til at summen ikkje gjekk gjennom bankkontoen til A, men at pengane vart førde over direkte frå burettslaget sin bankkonto til Slåtto Husbygg sin konto. Det er då tale om ein situasjon med betaling mellom to partar, og ikkje ei tredjepersonskonflikt. Spørsmålet om tilbakesøking må løysast etter reglane om *condictio indebiti* eller liknande ulovfesta reglar. I alle tilfelle er det slik at Slåtto Husbygg ikkje hadde ei god tru bygd på faktiske omstende eller på legitimasjon på det aktuelle overføringstidspunktet, men at Trygve Slåtto berre hadde A sine egne utsegner å halde seg til. Men A var i vond tru ved at han kjende dei reelle tilhøva, og det må i alle tilfelle skje identifikasjon mellom A - som selskapet sin rekneskapsfører - og selskapet.

Kravet frå burettslaget om tilbakeføring er tufta på reglane om *condictio indebiti* eller liknande reglar. Det kan nok vere slik at tilhøvet ikkje fell direkte inn under reglane om *condictio indebiti*, slik desse tradisjonelt har vore oppfatta. Men det vil ofte vere slik at andre feilutbetalingar står sterkare enn dei som har skjedd ved villfaring hos betalaren. Det kan vere feilpostering til dømes ved at det er nytta feil kontonummer. Men det kan også vere - som her - utbetaling som har grunnlag i kriminelle tilhøve. I vår

sak var burettslaget ikkje i det heile skuldig pengar til Slåtto Husbygg, nettopp fordi det hadde skjedd ei kriminell handling. Utgangspunktet må då vere tilbakebetaling.

Betalinga stod ikkje fram som om ho var frå A personleg. Dersom Slåtto hadde undersøkt nærare hos banken ville han ha funne ut at pengane kom frå burettslaget, ikkje frå A personleg. Overføringsmeldinga vart forfalska av A etter overføringa. Men Slåtto såg først dette papiret etter at tvisten kom opp, slik at det ikkje kan ha villeia han med omsyn til kvar pengane kom frå.

Ei tilbakeføring vil gjere at ingen vil tape på feiloverføringa. Dessutan har Slåtto Husbygg i alle tilfelle tent på feilen. Hadde betalinga ikkje kome i september 1997 ville byggjearbeidet mest sannsynleg vorte stansa, og då ville Slåtto Husbygg ha stått att med eit uprioritert krav som var større enn 150.000 kroner.

Kravet om tilbakebetaling er ikkje sett fram for seint. Kravet vart sett fram straks etter at burettslaget seint på hausten 1998 fekk sikker kunnskap om at midlar frå Hallingbygg AS var nytta til å dekkje opp underdekkinga hos burettslaget.

Når burettslaget ikkje har kravd betalt attende summen på 87.000 kroner som Slåtto Husbygg fekk utbetalt i februar 1998, er det fordi A først førde desse midlane over til eigen konto før han betalte til Slåtto

Side 1585

Husbygg. I denne situasjonen har burettslaget godteke at det har skjedd ekstinksjon. Burettslaget viser likevel til at det i dei fleste tilfella der det har skjedd betaling med pengar tilhøyrande burettslaget, så har pengane vorte betalte attende. Dette viser kva som er vanleg rettsoppfatning.

Sundre Borettslag har sett fram slik påstand:

- «1. Lagmannsrettens dom vert stadfesta.
2. Slåtto Husbygg AS vert dømd til å betala sakskostnadene til Sundre borettslag for alle rettar, med tillegg av 12% rente frå forfall til betaling skjer.»

Eg er komen til at anken ikkje kan føre fram.

Saka gjeld krav om tilbakebetaling etter ei overføring av 150.000 kroner frå Sundre Borettslag sin bankkonto til Slåtto Husbygg. Siktemålet med overføringa var å dekkje gjeld som A hadde til Slåtto Husbygg. Spørsmålet er om Sundre Borettslag kan krevje desse pengane attende.

Som motsegn til kravet frå burettslaget, har Slåtto Husbygg gjort gjeldande at eit eventuelt krav om tilbakebetaling er ekstingvert. Synsmåten hos ankeparten er at det i realiteten er tale om ei betaling frå A og at det ikkje kan vere avgjerande at overføringa ikkje har gått gjennom bankkontoen til A. Det avgjerande tidspunktet for vurderinga må etter mitt syn vere då pengane gjekk inn på Slåtto Husbygg sin bankkonto. Dette må følgje av dei synsmåtane som er lagde til grunn i Rt-1998-1523 med vidare tilvisingar og som no også er lovfesta i finansavtalelova av 25. juni 1999 nr. 46 § 39 første ledd andre punktum.

Overføringa frå burettslaget sin bankkonto til Slåtto Husbygg sin bankkonto 30. september 1997 skjedde ved frammøte i banken, ved belastning av burettslaget sin bankkonto og med burettslaget ført på som betalar. Overføringsblanketten inneheldt eit fakturanummer som ikkje var reelt, og som i alle fall ikkje gjaldt nokon faktura frå Slåtto Husbygg til A. A fekk med seg ei melding som viste dette tilhøvet, og det same hadde også kome fram om meldinga hadde vorte send i posten. Det var etter dette ikkje i det ytre grunnlag for å seie at dette var ei betaling frå A. At A seinare forfalska rekneskapsvedlegget til Slåtto, endrar ikkje på dette.

Etter mitt syn må overføringa av pengane vurderast ut frå måten ho reint faktisk vart gjennomført på. Og det var då ikkje noko i situasjonen på overføringstidspunktet som peika i retning av at det var tale om ei tredjepersonkonflikt. Det hadde det rett nok vore om A i staden for å føre pengane direkte over frå burettslaget til Slåtto Husbygg, først hadde ført pengane over frå burettslaget sin konto til eigen konto. Men det var ikkje dette som vart gjort. Og det er etter mitt syn sterke grunnar for at ein på dette rettsfeltet byggjer på det som reint faktisk skjedde.

Ankeparten kan etter dette ikkje få medhald i at kravet på tilbakebetaling er ekstingvert. Spørsmålet blir då om burettslaget kan krevje summen på 150.000 kroner tilbakebetalt etter ulovfesta reglar. Det er naturleg for meg å ta utgangspunkt i Rt-1998-989 (Fearnley & Eger) der det heiter på side 999:

Side 1586

« Det kan hende at dette tilfellet ligger i ytterkanten av det som anses som en tradisjonell *condictio indebiti*-situasjon. Om det er treffende å si at det her foreligger et *indebitum*, avhenger - slik jeg ser det - av hvilken synsvinkel som anlegges. Den terminologi som anvendes, kan imidlertid ikke være avgjørende for det materielle spørsmål. De reelle hensyn er langt på veg de samme som ved en mer tradisjonell *condictio indebiti*-situasjon. I dommen i Rt-1985-290 fremheves det nettopp at det er « et grunnleggende trekk i læren om *condictio indebiti* at hvert tilfelle skal vurderes konkret og under hensyn til rimelighet ». »

Ein tradisjonell *condictio indebiti*-situasjon ligg føre der ein betalar har lagt til grunn ei betalingsplikt, men har teke feil av eksistensen eller omfanget av denne. Det følgjer etter mitt syn av Fearnley & Egerdommen at det ikkje kan byggjast på eit formelt *condictio indebiti*-begrep. Det inneber at det ved ei feilutbetaling må skje ei vurdering av om det på ulovfesta grunnlag må skje ei tilbakebetaling. Utbetalinga av 150.000 kroner frå burettslaget kom ikkje av noka villfaring. Det vart rådd over bankkontoen til burettslaget ved ei kriminell handling. Etter mitt syn er det større grunn til å la ein slik situasjon falle inn under dei ulovfesta reglane om tilbakeføring enn det er for dei tradisjonelle villfaringstilfella.

Sjølv om det etter rettspraksis skal skje ei konkret vurdering for kvart tilfelle under omsyn til kva som er rimeleg, må det såleis kunne takast utgangspunkt i at det i sterk grad talar for gjenoppretting at betalinga har skjedd ved ei kriminell handling. Rettspraksis viser også at krav om tilbakebetaling har stått sterkt ved strafflagde handlingar, jf. Rt-1985-290 og Rt-1995-1641 .

Eit neste moment er at det ikkje i det heile låg føre betalingsplikt for burettslaget. Også i ein slik situasjon må korreksjonsomsynet ha stor vekt. Som utgangspunkt var det ikkje nokon uklar situasjon for nokon av partane. Dersom overføringsmeldinga hadde blitt lagt fram for den nye rekneskapsføraren utan å vere forfalska hos mottakaren, ville rekneskapsføraren straks sett at Sunde Borettslag ikkje skulda pengar og at fakturanummeret ikkje gav mening.

Etter mitt syn kan det ikkje seiast at burettslaget handla aktlaust ved å gi rekneskapsføraren fullmakt til å disponere bankkontoen. A var autorisert rekneskapsfører, og det må leggjast til grunn at det ikkje er uvanleg å gi fullmakt også til å disponere over bankkontoar.

Trygve Slåtto sjølv må reknast å ha vore i god tru. Det er heller ikkje grunn til å laste han for ikkje å ha undersøkt nærare i samband med overføringa 30. september. Men det må samstundes vere slik at A handla på vegner av Slåtto Husbygg då han tok med seg overføringsmeldinga frå banken denne dagen. Sjølv om det kanskje ikkje var meininga til Slåtto Husbygg at A skulle ta mot meldingar frå banken, låg dette ikkje utanfor ei rimeleg arbeidsoppgåve for ein frittstående, autorisert rekneskapsfører. Trygve Slåtto må dessutan ha vore klar over at han ikkje sjølv hadde motteke meldinga, og han må då reknast å ha godteke at Nordhem hadde fått hand om denne på Slåtto Husbygg sine vegner.

Eg kan ikkje sjå at Slåtto Husbygg kan gjere gjeldande å vere i god tru når denne trua kvilte på at rekneskapsføraren i ettertid, i tilknytning til

Side 1587

oppdraget for føretaket, forfalska overføringsmeldinga slik at ikkje andre i føretaket kunne sjå det var burettslaget som hadde betalt.

Så langt talar ei samla vurdering med stor tyngde for at det må skje tilbakebetaling. Spørsmålet er så om tidsmomentet gjer at burettslaget likevel ikkje kan nå fram med kravet. Etter mitt syn er det mest naturleg å ta dette momentet med i den samla vurderinga som skal gjerast, og ikkje sjå på det som eit eige frifinningsgrunnlag.

Tidsgangen frå 30. september 1997 til advokat Thune sette fram krav om tilbakebetaling i januar 1999, kan ikkje i seg sjølv vere for lang. Det kan visast til at det i saka i Rt-1985-290 gjekk 19 månader før det vart sett fram eit krav, og at det der var tale om eit oppgjør mellom eit skipsforsikringselskap og

panthavarar som viste seg å byggje på ei strafflagd handling frå forsikringstakaren. I vår sak er det tale om noko over 15 månader, og det er tale om betaling frå eit lite burettslag utan noko grunnlag og ved ei strafflagd handling.

Spørsmålet er så om burettslaget burde ha reagert i februar eller mars 1998, då styret vart kjent med at det var borte nokre hundre tusen kroner frå bankkontoen. Tilbakeføringa 31. desember 1997 gjorde at innestående på kontoen var korrekt ved årsskiftet, og verken revisoren eller politiet fann ut kva som låg bak overføringa den 31. desember 1997. Straks burettslaget fekk brevet frå A i februar 1998 vart revisor kopla inn, og saka vart deretter raskt meld til politiet i mars. Verken revisor eller politiet oppdaga kva som hadde skjedd den 31. desember 1997 før Hallingbygg AS melde eit krav - meir ein åtte månader etter at pengane var borte frå deira bankkonto. Det var såleis advokaten til Hallingbygg AS som ved å vende seg til banken fekk klarlagt at det bak ei elektronisk overføring utan mottaksmelding, låg ei overføring frå Hallingbygg AS og ikkje frå A. Men heller ikkje dette skjedde før i november 1998. Etter mitt syn gjorde burettslaget i februar og mars 1998 det som det er naturleg å vente at eit slikt lag kan gjere.

Endeleg er det spørsmål om burettslaget reagerte raskt nok då situasjonen vart klarlagt hausten 1998. Kravet frå Hallingbygg AS om tilbakebetaling av 175.000 kroner vart sett fram 23. september, men vart først fullt dokumentert 9. november 1998 ved brevet frå banken. I denne perioden gjorde burettslaget Slåtto kjend med dokumenta, også eiga kvittering som viste at pengane kom frå burettslaget sin bankkonto. Sjølv om det tok noko tid frå 9. november til kravet formelt vart sett fram 15. januar året etter, kan dette i ein slik situasjon ikkje vere så lang tid at kravet kunne falle bort grunna passivitet.

Kravet må såleis vere sett fram tidsnok, og lagmannsrettsdommen må då stadfestast når det gjeld sjølve hovudsspørsmålet.

Anken har etter dette ikkje ført fram. Eg meiner at Slåtto Husbygg AS må svare sakskostnader for alle rettar. Sakskostnadene blir sette i samsvar med sakskostnadsoppgåve til i alt 170.381 kroner, medrekna utlegg på 27.881 kroner.

Eg røystar etter dette for slik dom:

1. Lagmannsrettsdommen - første leddet - blir stadfesta.
2. I sakskostnader for heradsretten, lagmannsretten og Høgsterett betaler

Side 1588

Slåtto Husbygg AS til Sundre Borettslag 170.381 - eitthundreogsyttitusenrehundreogåttiein - kroner med tillegg av årleg rente - for tida 12 - tolv - prosent - etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum frå utgangen av oppfyllingsfristen til betaling skjer.

3. Oppfyllingsfristen er 2 - to - veker frå forkynninga av dommen.

Dommer **Oftedal Broch**: Jeg er i resultatet enig med førstvoterende, men ut fra en annen begrunnelse.

Slik jeg ser det, er de vesentlige faktiske omstendigheter i saken, følgende: A skyldte Slåtto Husbygg penger. Ved å misbruke sin fullmakt som forretningsfører for Sundre Borettslag, trakk han penger fra borettslagets konto, og overførte disse til Slåtto Husbygg som betaling for egen gjeld. Dette er da også grunnlaget for at han ble dømt for underslag av borettslagets midler.

Selv om pengene i vårt tilfelle er gått direkte fra borettslagets konto til Slåtto Husbygg, er realiteten at A ved hjelp av fullmakten har trukket beløpet ut av kontoen og brukt det til å dekke egen gjeld. A, som var den eneste med kjennskap til transaksjonen, fikk Slåtto til å tro at det dreiet seg om overføring av As penger. Borettslaget var ukjent med transaksjonen. Jeg finner ikke å kunne legge utslagsgivende vekt på at den tekniske fremgangsmåten bestod i at beløpet ble overført direkte fra borettslagets til Slåtto's konto, slik førstvoterende gjør. Jeg bemerker at Rt-1998-989, som førstvoterende viser til, gjaldt et tilfelle der banken med egne penger innfridde et sertifikatlån på vegne av Fearnley & Eger og i tillit til at selskapet umiddelbart ville dekke inn banken. Jeg er enig i at et slikt tilfelle er beslektet med *condictio indebiti*.

Hvem som er berettiget til de overførte pengene i vår sak, må etter min mening avgjøres med utgangspunkt i at A var legitimert til å råde over borettslagets konto. Dersom Slåtto Husbygg var i god tro,

er hovedregelen at selskapet vinner retten til pengene. Det vises til uttalelse i Rt-1993-679 på side 683 , til den generelle regel i godtroervervsloven 2. juni 1978 nr. 37 § 1, samt til Kåre Lilleholt: Godtruerverv og kreditorvern, 3. utg. 1999, side 124-25. Dersom Slåtto hadde vært klar over at pengene kom fra borettslagets konto, men hadde grunn til å tro at A var berettiget til å benytte kontoen til å betale egen gjeld, anser jeg det som utvilsomt at borettslaget i forhold til godtroende mottaker måtte bære tapet ved at lagets fullmektig hadde gått ut over sin fullmakt. Jeg kan vanskelig se at løsningen skal være en annen fordi Slåtto ikke visste hvilken konto pengene kom fra, men hadde grunn til å tro at de stammet fra As byggelån.

Jeg er enig med førstvoterende i at Trygve Slåtto må anses for å ha vært i god tro. Men hans gode tro hvilte på at A - i egenskap av regnskapsfører for Slåtto - foretok uredelige handlinger. De avgjørende handlinger i så måte var at A fikk hånd om betalingsmeldingen fra banken til Slåtto, og at han tilbakeholdt denne fra Slåtto. Senere forfalsket også A betalingsmeldingen, slik at den ga uttrykk for at betalingen kom fra A. Hadde Slåtto hatt en hederlig regnskapsfører eller hadde han ført sine regnskaper selv, må det antas at han umiddelbart ville blitt oppmerksom på at deknningen av As gjeld skjedde med penger fra Sundre Borettslag, noe som ville ha krevet en forklaring.

Side 1589

Under disse forhold sperrer As onde tro for Slåtto's gode, og Slåtto kan ikke vinne større rett til pengene enn A hadde. På dette grunnlag er jeg således kommet frem til samme resultat som førstvoterende.

Dommer **Bruzelius**: Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende, dommer Utgård.

Kst. dommer **Mæland**: Likeså.

Dommer **Tjomsland**: Likeså.

Etter røystinga sa Høgsterett slik

dom:

1. Lagmannsrettsdommen - første leddet - blir stadfesta.
2. I sakskostnader for heradsretten, lagmannsretten og Høgsterett betaler Slåtto Husbygg AS til Sundre Borettslag 170.381 - eitthundreogsyttitusentrehundreogåttiein - kroner med tillegg av årleg rente - for tida 12 - tolv - prosent - etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum frå utgangen av oppfylingsfristen til betaling skjer.
3. Oppfylingsfristen er 2 - to - veker frå forkynninga av dommen.

Sist oppdatert 18. januar 2011